

Allkunne



SIGRUN OKKENHAUG var forfatter og bondekvinne med lokalpolitisk engasjement. Ho var ei av dei første som skreiv kvinne- og barnelitteratur på nynorsk. Ho var fødd i Levanger 10. september 1889 og døydde 30. august 1939. Okkenhaug debuterte tretti år gamal med barneboka *Vesle Gunnar og dei andre* i 1919. Ho skreiv i alt tretten bøker for barn og vaksne. Okkenhaug nytta ulike sjangrar: romanar, noveller og skodespel, og dessutan dikt og artiklar. Då ho var i ferd med å etablere seg som forfatter på heiltid, døydde ho, nær 50 år gamal.

Ho vart tidleg oppteken av fråhaldssak og skreiv indignert om fattigdom, sosial urett og forskjellar mellom by og land. Ho ytra seg modig om kvinners driftsliv og var slik kontroversiell for si tid. Eit døme er når ho skriv om tabuet abort i romanen *Den vene skåla* (1935).

Dei siste bøkene ho gav ut, kom begge i 1938. I barneboka *Desideria får avløyning* tek ho mellom anna opp eit alvorleg helseproblem i samtida, nemleg lungesjukdomen tuberkulose. Novellesamlinga *Merket* var den einaste boka ho skreiv på bokmål. Ho tematiserer her dei svartaste sidene ved menneskelivet, mellom anna incest, sosialt avvik, skuldkjensle, sinnssjukdom og fordommar.

Språket er lettfatteleg og konkret. Ho nyttar gjerne lydmålande ord, men er forsiktig med bruk av framandord og språklege bilete. Replikkane karakteriserer ofte personane i handlinga gjennom ordval, dialektinnslag, bymål eller barnespråk.

ANNE BERIT KLUNGSØYR

Henta frå Allkunne,
nynorsk leksikon på nett.
www.allkunne.no